



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Grensejustering - innsamla faktainformasjon - krinsane Norddal og Eidsdal i Norddal kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse og møte når det gjeld søknad om grensejustering for krinsane Norddal og Eidsdal i Norddal kommune. Fylkesmannen har no motteke supplerande opplysningar frå Norddal kommune og frå fellesnemnda for nye Fjord kommune, jf. brev frå oss datert 20.11. 2017.

Fylkesmannen sendar no ut all samla faktainformasjon til Norddal kommune og til søkerane av grensejusteringa for bygdene Norddal og Eidsdal, sjå vedlegg. Fylkesmannen legg ut på vår [heimeside](#) alt vi har av informasjon i saka, og vi oppmodar Norddal kommune om å gjere det same.

Det har kome tilbakemeldingar på svaralternativa i spørsmålet som innbyggjarane i Norddal og Eidsdal får å svare på i spørjeundersøkinga. Vi har difor endra siste svaralternativet, sjå vedlagte oppdaterte infoskriv. **Spørjeundersøkinga blir gjennomført i veke 3 og 4 i 2018.** Svar på spørjeundersøkinga blir utsendt i veke 6, og kommunane har svarfrist til veke 9 på høyringa av grensejusteringa. Sluttmøte med tilråding frå fylkesmannen er sett til **21. mars 2018 kl. 12.30 til 14.00**

Fylkesmannen startar no arbeidet med å gå igjennom faktainformasjonen vi har motteke frå Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane. Dersom vi finn at noko manglar av informasjon for å gjere vår tilråding – vil vi kome attende til det.

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Faktainformasjon frå Fylkesmannen
- 2 Supplering faktainformasjon frå kommunane og andre
- 3 Oppdatert faktainformasjon